

**Retningslinjer for kommunale kraft- og næringsfond.
Retningslinjene vart vedtek av Kommunestyret i K-sak 29/08.
Retningslinjene er basert på Vedtekter for Kraftfondet, endeleg
stadfesta av Fylkesmannen i brev av 24. juni 2008.**

Retningslinjer

§1. Kraftfond og kommunalt Næringsfond

Fonda skal berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/ eller avsettast til garantifond. Avkastninga kan nyttast til tilskott og betinga lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal følgje til ein kvar tid vedtekne sektor- eller næringsplanar, slik som Plan for Reisliv og Landbruksplan. Hovudmålet er eit "voksande næringsliv" med vekst innan reiseliv, landbruk, handverk og industri.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål i form av vidareutvikling av eksisterande og etablering av ny næringsverksemd. Dette inkluderer også investeringar i kommunale og regionale fellestiltak.

Det skal som hovudregel ikkje gjevast stønad til investeringar i ikkje- varige driftsmidlar, sanering av gjeld eller til jamlege drift av verksemdar. Midlane skal som hovudregel ikkje nyttast til jamleg drift av kommunen med unntak av tiltaksarbeid og næringsplanlegging, eller tiltak som fremmer langsiktig næringsutvikling for kommunen, samt avdrag på lån.

Alle næringer skal stilles likt ved tildeling frå næringsfondet, men kompetanserettande tiltak, miljørettede tiltak og tiltak som bidreg til auka sysselsetting for kvinner og ungdom i kommunen vert prioritert.

Søkjer må synleggjere at tiltaket ligg innafor føremålet og/eller kommunen sine vedtekne planer og/ eller overordna planer (fylkesplanar).

§ 3 Stønadsformar.

Stønad kan gjevast i form av tilskott, lån, garanti eller ved teikning av aksjar. Etter konkrete vurderingar kan kombinasjonar av to eller fleire støtteformar bli gjeve til same tiltak. Støtteform er uansett avgrensa av tilgjengelege midlar jfr. vilkåra i §1 ovafor. Som ein hovudregel skal tilskott vere hovudverkemiddelet.

Det kan stilles garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiføremål i medhald av kommunelovens § 51, jf. departementets forskrifter om kommunal garantistilling.

Det kan teiknast kommunale aksjar, men dette kan ikkje utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen. Avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

Søkjer må sjølv angje kva for finansieringsform som er mest ønskjeleg, spesielt i høve til framtidig trong for kapital.

§ 4 Forholdet til internasjonal forplikting på statsstøtteområdet.

Støtta må være i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til dei europeiske fellesskaps tidande nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

Prosjekter i kommunal regi, som nærings-, tiltaks-, og infrastrukturprosjekt, vert ikkje omfatta av reglene for offentlig stønad, jfr. 1. ledd.

§ 5 Støttevilkår.

Krav til søkjer og dokumentasjon:

Søkjer må vera over 18 år. Verksemda må vera registrert i og drives frå kommunen.

Det må leggjast ved dokumentasjon på eventuell nødvendig signaturrett for selskapet. Søkjer på vegne av lag og foreiningar må dokumentere si rolle og har da personleg ansvar for forplikting eit eventuelt løyve gir. Søkjer må underskrive ei erklæring som bekreftar at søkjer/ verksemda;

- ikkje er dømt for økonomisk misleghald siste 2 år
- ikkje er ilagt konkurskarantene
- ikkje er under rettsleg etterforsking i økonomiske saker
- godkjenner at rådmannen kan hente inn kredittopplysningar om søkjer/ verksemda

Oppdatert skatteattest frå kommunekasserar og attest frå skattefogd om meirverdiavgift skal leggjast ved søknaden. Eventuelle uriktige opplysningar/ hemmeleghald av nødvendige eller relevante opplysningar kan føre med seg heving av løyve, eller krav om omgåande attendebetaling på eit seinare tidspunkt.

Krav til gjennomføring delutbetalingar

Tiltaket som vert omsøkt skal normalt ikkje vera påstarta før eventuelt tilsegn vert gjeve. **Ei eventuell gjennomføring av heile eller deler av tiltaket før tilsegn vert gjeve må i så fall framkomme i søknaden. Søkjer må ha utarbeida detaljert plan, og tiltaket må ikkje stride mot lover og reglar. Kostnadane skal baserast på standardprisar eller berekna av ein objektiv part med føresetnader for å gje slik kostnadsberekning. Forhold vedrørende økonomi og sysselsetting må synleggjerast, også for dei nærmaste åra etter gjennomføring.**

Det må synleggjerast at tiltaket er eit ledd i ein utvikling av føretaket, med sannsynleg og god avkastning i eit langsiktig perspektiv. Fullfinansiering må dokumenterast før tiltaket vert starta. Søkjer er sjølv ansvarleg for å skaffe nødvendig informasjon og underlag i samband med søknaden.

Etter løyve vert gjeve har verksemda 3 år på å gjennomføre tiltaket. Løyve vert automatisk trekt attende, med mindre det innan fristen vert søkt om og vert gjeve utsetting. Etter kvart som tiltaket kan dokumenterast gjennomført, kan ein oppmoda om delutbetaling, basert på godkjent

kostnadsoverslag. 25% av totalbeløpet skal uansett haldast attende inntil at tiltaket er gjennomført og vert dokumentert i medhald av plan og vedtak.

Ved vesentlege endringar undervegs i prosjektet eller trong for ekstra tid til gjennomføring skal det på førehand søkjast om løyve fortsett kan gjerast gjeldande. Skjer det større endringar i forhold til vedkommande verksemd, skal dette umiddelbart og skrifteleg underrettast om. Kommunen kan ved nytt vedtak, av same instans som ga løyve, heve løyve innan 3 månader frå vedtaket ved alvorlege endringar i føresetnadene for vedtaket. Løyve kan uansett tidspunkt hevast ved vedvarande manglande fullfinansiering, inntil eit år etter vedtak.

Bagatellstønad

Samla offentleg stønad (tilskott og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa slik:

- a. Maksimal bagatellmessig stønad må ligge innanfor til ein kvar tid gjeldande fastsett grense ECU (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same verksemd over ein tre-års periode.
Verksemda som mottek stønad pliktar å gjere merksemd om bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre år.
- b. Bagatellmessig stønad kan gjevast alle verksemdar uavhengig av storleiken
- c. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnadar og næringar, unntatt stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Stønadsgrenser tilskot

Tilskot vert normalt gjeve med inntil 20 %. Normalt må minimum kostnadsoverslag utgjøre kr. 50.000,- før søknad vert handsama. Det kan imedan gjevast inntil 75 % i stønad til nyetableringar, prosjekter retta mot kompetanseutvikling, miljøretta tiltak, eller prosjekt av særleg verdi for kvinner og ungdom. **Samla finansieringsplan for tiltaket skal gå fram av søknaden.** Samla stønad frå fondet og andre offentlege stønadsordningar til privat næringsverksemd skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for eit prosjekt.

Grenser for lån og vilkår

Normalt skal investeringslån ikkje løyvast for kostnadsoverslag på under kr. 500.000,- før søknad vert handsama. Som ei rettesnor legg ein til grunn at investeringslån vert gjeve med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag.

Investeringslån skal normalt ikkje tinglysast, men vert belasta med eit etableringsgebyr på kr. 1000,- ved første delutbetaling. Det skal underskrives gjeldsbrev med låneavtale og vilkår, mellom Hemsedal kommune og søker (ansvarleg lån). Lånet er avdragsfritt i 3 eller 5 år, for deretter avdragsperiode på 3 eller 5 år, på bakgrunn av ein individuell vurdering av behov ved tildeling. Investeringslånet er rentefritt i heile perioden. Attendebetaling skal skje to gonger i

året med like store avdrag i avdragsperioden. Vedrørende investeringar i utleigeobjekt (fast eigedom) skal lånet uansett tinglyst, for søker si rekning med tinglysnings Sperre om at objektet ikkje kan nyttast til anna verksemd enn i medhald av planen for 10 år.

Dersom verksemda innan den avdragsfrie perioda startar å betale utbytte, vil samtidig avdragsperioden starte.

Dersom verksemda vert lagt ned, føretaket vert avvikla eller vert flytt ut av kommunen skal restlån betalast attende straks. Utbetalt tilskot og/eller kommunen sine opphavlege beløp til aksjekjøp, skal umiddelbart betalast attende, med mindre det er meir enn 5 år frå dato for vedtak/ løyve. 5- års regelen gjeld ikkje lån.

Lån vert likestilt med eigenkapital i ein eventuell framtidig konkurs- eller gjeldssaneringssituasjon. Kommunen kan krevje restlån betalt attende straks, og utan søksmål (jfr. Tvangsfullbyrdslova §7-2), dersom avviklinga viser frie verdiar utover dekning av pantesikra gjeld.

Verksemda skal utan oppmoding sende årsrekneskap til kommunen i minimum 3 år, frå og med året løyve vert gjeve og til og med for siste året i avdragsperioden. Er verksemda revisjonspliktig skal revisormelding følgje årsrekneskapen.

I tillegg til reglene her og i § 4 kan det settast nødvendige avgrensingar og vilkår, på bakgrunn av konkret vurdering av den einkilde sak. Dette kan også vera vilkår knytt til føretaket si eigedom eller verksemd uavhengig av tiltaket. Dette skal gå fram av løyve. Eventuelt brot kan føre med seg direkte plikt om attendebeting, med mindre det vert inngått ny avtale, eller vert godkjent fritak frå vilkår av tilsvarande kommunal mynde som gav løyve.

§ 6 Forvaltning.

Kommunestyret nemner opp fondsstyre. Om ikkje Kommunestyre vel andre organ, skal Formannskapet fungere som fondsstyre. Det er høve til å delegere avgjerlesmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor nærmare gjevne fullmakts grensar. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingane som følgjer av kommuneloven sine reglar og dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag vert ført attende til fondet. Anna plassering av midlane vert berre godteke om dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid. Fondet skal vere ein integrert del av kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrift. I tillegg skal det som vedlegg til rekneskapen lagast ein samla oppstilling av fondet sine inntekter og utgifter.

a. Klage på lovlegskap

Etter kommunelovens § 59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjerle treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av avgjerlas lovlegskap. Departementet si mynde til å avgjere klage på lovlegskapen er delegert til fylkesmannen, jf. departementets rundskriv H-25/92 av 1. juni

1993. Frist for å krevje kontroll av lovlegskapen er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunkt avgjersla vart gjeve.

To eller fleire av medlemmene i det kommunale organ som handsamar nærings saker kan krevje vedtak fatta av utvalet inn for kommunestyret innan same tidsfrist som ovafor.

b. **Klage på forvaltninga (partsklage).**

Vedtak om avslag på søknad om stønad vert sett på som enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova. Etter § 28 i forvaltningslova 2. ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, klages inn for kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtak er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklagar er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saken eller annan med rettsleg klageinteresse har rett til å klage.

§ 7 Årsmelding.

Det skal leggst fram ei melding om bruken av fondet for kommunestyret kvart år.

§ 8 Godkjenning av retningslinene.

Retningslinene kan endrast etter vedtak av kommunestyret, så lenge dei ikkje strider med vedtektene for Kraftfondet eller det kommunale Næringsfondet.

§ 9 Trer i kraft.

Retningslinene trer i kraft umiddelbart etter at det kommunale Næringsfondet er vedtatt. For Kraftfondet trer også retningslinene i kraft såframt Fylkesmannen har godkjent vedtektene for Kraftfondet. **Søker er sjølv ansvarleg for å gjere seg kjent med, og følgje vilkåra i retningslinene og frå vedtak.** Retningslinene skal fortløpande oppdaterast av rådmannen ved endringar i retningslinene, med henvisning til det ein skilde kommunestyrevedtak.